

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 21.11.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 21.11.07**

Styresak 102/07 O

Styremøte 04.12. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 4

Dato for brev	Saka gjeld	Status
19.06.07	NOU 2007: 6 Formål for framtida – formål for barnehagen og opplæringa.	Høyringsfrist 01.11.07. Uttale ikkje gitt.
02.07.07	Forslag om krav til elektronisk kommunikasjon mellom leger og Arbeids- og velferdsetaten. Forslaget inneberer at allmennleger og spesialistar innan 01.01.09 blir pålagt eit rettsleg krav om bruk av elektronisk kommunikasjon ved innsending av krav om direkte oppgjer, sjukmeldingar og legeerklæringar til NAV.	Høyringsfrist 02.11.07. Merknader frå Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF er vidareformidla til Helse- og omsorgsdepartementet 01.11.07. Helseføretaka er i hovudsak positive til forslaget.
15.08.07	Ny forskrift om klinisk utprøving av legemiddel til menneske.	Høyringsfrist 15.11.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Uttale sendt 19.11.07. Forskrifta søker å regulere forskning som utprøvar legemiddel i kliniske studiar og er ein tilpassing av EU-direktiv til EØS-avtalen og norsk rett. Uttalen støtter dei fleste forslaga, men det er gitt innspel i forhold til 1) Forskrifta si tilpassing til eksisterande lovverk, 2) Forsking på personar utan samtykkekompetanse og 3) Forsking på personar under 18 år.
27.08.07	Forslag til endringar i lov om pasientrettar § 2-6 og forslag til forskrift om dekning av utgifter ved pasientreiser for undersøking og behandling.	Høyringsfrist 03.12.07.
04.09.07	Forskrift til den nye offentleglova.	Høyringsfrist 01.11.07. Behandla i styremøte 03.10.07. Uttale i samsvar med styrevedtak i sak 083/07 B sendt 01.11.07.
18.09.07	Ny handlingsplan mot antibiotikaresistens og smitte i helseinstitusjonar.	Høyringsfrist 01.11.07. Saka er sendt Helse Bergen HF v/Kompetansesenteret for sjukehushygiene der vi ber kompetansesenteret utarbeide høyringsuttale i saka. Uttale frå kompetansesenteret er sendt 05.11.07. I uttalen er det peikt på at ein slik handlingsplanen vil vere eit viktig

		arbeidsdokument, og at den gjer greie for dei viktigaste tiltaka for å nå måla. I tillegg er det gitt nokre særskilde kommentarar.
27.09.07	Revidert reglement for forvaltning av eksternt finansiert verksemd ved universitet og høgskular og om desse institusjonane sitt samarbeid med andre rettssubjekt.	Høyringsfrist 23.11.07.
26.09.07	Høyringsrunde på notat frå Statens Kulturhistoriske Eiendommer om utvikling av FDVU-registre hos statlege eigedomsforvaltarar.	Høyringsfrist 15.11.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Uttale sendt 06.11.07. Basert på tilbakemeldingane frå helseføretaka er det uttala at det er ønskeleg med ein standardisering av denne type data.
04.10.07	Høyring av utkast til endring i forskrift om kommunane sitt helsefremjande og førebunde arbeid i helsestasjons- og skolehelsetenesta.	Høyringsfrist 01.12.07.
10.10.07	Høyring om "Behovet for offentleg initierte kliniske studiar for å understøtte prioriteringsbeslutningar".	Høyringsfrist 15.12.07. Uttale sendt 15.11.07. I uttalen er det vist til at saka blei drøfta i samarbeidsutvalet mellom Helse Vest RHF og høgskolane/Universitetet i Stavanger i møte 14.11.07. Samarbeidsutvalet var generelt positiv til ein ordning med offentleg initierte kliniske studiar for å understøtte prioriteringsavgjersler. Utvalet ønska likevel å understreke at "kliniske studiar" må omfatte heilskapen i pasientbehandlingen og ikkje bli avgrensa til medisinsk forskning, dvs at det må omfatte medisinske, helsefaglege og sosialfaglege problemstillingar med relevans for viktige prioriteringsavgjersler i det kliniske arbeidet. Utvalet hadde ikkje nokon bestemt oppfatning av finansieringsløyser utover at det offentlege også må inn på finansieringssida.
18.10.07	Høyring om obstruktiv søvnapnoesyndrom.	Høyringsfrist 10.12.07.
18.10.07	Høyring om utviding av sjukemeldingsretten for kiropraktorar og manuellterapeutar.	Høyringsfrist 18.12.07.
22.10.07	Forslag til ny forskrift om krav til kvalitet og tryggleik ved handtering av humane celler og vev.	Høyringsfrist 04.12.07.
26.10.07	Forslag til endringar i kommunelova og forvaltningslova om rolleklarhet mv i kommunesektoren.	Høyringsfrist 31.12.07.
07.11.07	Forslag til endringar i ferielova.	Høyringsfrist 31.12.07.
09.11.07	Forslag til ny forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøking og behandling hos tannlege for sjukdom.	Høyringsfrist 30.11.07.

